



Velkommen til 1. trinn ved

Frøyland skule

Skuleåret 2024-2025

“Fargerik og kunnskapsrik”

Velkommen til innskrivingsmøte 8.februar 2024 Frøyland skule

Kjære førsteklassing!



Me ser fram til at du skal byrje hjå oss, og me gler oss til å verta kjent med deg. Saman skal me skape mange gode stunder der læring er i fokus. På skulen vår har vi mange trivelige elevar og vaksne. Når så mange barn og vaksne skal være saman, må vi lære å ta omsyn til kvarandre. Då er det viktig at me har nokre felles reglar som alle må lære seg, og vi ønsker at du skal starte å trene på nokre av desse før du byrjar på skolen. Nok ein gong, velkommen til oss!

Kjære føresett!



Du er den viktigaste vaksenpersonen for barnet ditt! Ditt engasjement bidreg til at barnet får det betre på skulen og du er ein viktig aktør i barnets læring. Det er viktig at du er med og vurderer arbeidet til barnet. Når du bryr deg, vert barnet meir motivert og trives betre på skulen. At du er bevisst di eiga rolle og bevisst på at du er med på å påverke, er viktig for barnet ditt. Har du eit godt forhold til skulen, påverkar også dette i positiv retning. At du kjenner til dei andre føresette er ein føresetnad for eit godt samarbeid og oppfølging. Eg ber dykk om å ta kontakt direkte med skulen viss det er saker de lurer på eller er misnøgd med. Vårt mål er at utfordringane skal løysas før dei vert problem og så tidleg som mogleg! Føsette er ein viktig ressurs for barnets utvikling!

Velkommen til oss!

Hilsen Gerd Rusdal rektor, Frøyland skule

Rammeverk for skulane

Innhald og arbeidsform i skule og skulefritidsordninga (SFO) er styrt av opplæringslova, forskrift til opplæringslova, læreplan LK20 og Rammeplan for SFO. Desse rammeverka er felles for alle offentlege skular i Noreg.

Om skulen

Skulen er ombygd og rehabiliteret fleire gonger dei siste åra. Flotte og fleksible elevområder. Nybygg med fleirbrukshall og stor aula stod ferdig hausten 2017. Kapasiteten på heile skulen 540 elevar

For skuleåret 2024-25 vert me 355 elevar (1.- 7. trinn), 51 elevar 1. trinn, 2 - 3 klassar, ca 33 lærar og 50 tilsette i alt.

Utviklingsområde

Elevmedverknad, lesing og skriving

Organisering av skuleåret og skuledagen

Skuleåret har 190 skuledagar fordelt på 38 veker. Oversikt over skuledagane finn du i skuleruta som ligg på [Frøyland skule](#) og [Time kommune](#). Elevane på 1. trinn skal ha 18,5 timer å 60 minutt i veka.

Timeplan for 1. trinn 2024-2025

Måndag: 08.30 – 14.15
Tysdag: 08.30 – 13.00
Onsdag: 08.30 – 13.00
Torsdag: 08.30 – 13.00
Fredag: 08.30 – 13.00

Rom

1.trinn skal ha klasseromma sine i 1.etasje i A-bygget

Overgang frå barnehage til skule

Time kommune har ein eigen overgangsplan som skal sikra at barna får ein god overgang til skule og SFO. Planen finn de på [Time kommune si heimeside](#).

Trygt og godt skulemiljø

Alle elevar skal ha det trygt og godt på skulen, slik at dei trivst og kan læra best mogleg. Om ein er uroleg for om barnet trivst og har det bra, tar ein kontakt med skulen snarast.

Visma Flyt Skule

Alle skulane i Time kommune nyttar Visma Flyt Skule som fagsystem. Føresette får og tilgang ved å logga seg på via [Frøyland skule](#).. Gjennom dette systemet får ein mellom anna tilgang til elevinformasjon, søknadar og samtykke. Systemet har også ein eigen app som heiter Min skole - Foresatt.

Skulefritidsordning (SFO)

Alle Barneskulane i Time kommune har tilbod om SFO for 1.- 4. trinn. Dette er eit frivillig foreldrebetalt tilbod. På 1. og 2. trinn har alle rett til gratis tredagars tilbod. Søknadsfrist er 1. mars, og ein søker i Visma Flyt Skule. Meir informasjon finn de på [kommunen si heimeside](#).

Målform

Nynorsk er hovudmål i Time kommune. Når føresette til minst 10 elevar på eitt trinn søker om opplæring på bokmål, blir det oppretta ei eiga elevgruppe ved ein av Barneskulane i Time kommune. Rektor informerer om val av målform i foreldremøte for 1. trinn. Føresette melder om ønska målform i registreringsskjema innan 1. mars.

Skyss

Elevar med lang skuleveg har rett til gratis skuleskyss til sin nærskule. For 1. trinn er grensa 2 kilometer. Meir om rett til skuleskyss finn de på [kommunen si heimeside](#).

Leksehjelp

Det er ikkje leksehjelp på 1.trinn

Friminutt og vaktordning ved skulen

Inspeksjon er ei viktig oppgåve i arbeidet mot mobbing og antisosial åtferd.

På Frøyland skule er uteområdet oppdelt i ulike vaktområde. På kvart vaktområde skal det alltid vere ei vakt til stades. I tillegg er det andre vaksne ute som har ansvar for enkelte elevar.

Fadderordning

På Frøyland skule ønsker me at elevane skal kjenne eit ansvar for dei som er mindre. Når ein tek vare på andre, lærer ein å ta omsyn og å sjå andre sine behov.

Fadderordninga fungerer slik:

5.trinn er fadrar for elevane på 1. trinn og følger dei opp til 3.trinn.

Lærarane på trinna samarbeider om opplegget kring fadderordninga.

Lærebrett

I Timeskulen nyttar me lærebrett som verktøy for læring. Dette betyr at kvar elev får tildelt ein iPad med tastatur som dei skal bruka som sitt arbeidsverktøy i opplæringa på skulen, og i arbeid med leksene heime. Det er utforma kriterium som elevane må forholda seg til. Samtykke til godkjenning ligg i Visma Flyt skule.

Fråvær

Om barnet er sjukt skal føresette melda frå via visma til skulen same dag. Føresette melder frå til skulen om barnet viser motstand mot å gå på skulen.

Viktige datoar fram mot skulestart

12. januar: invitasjon til informasjonsmøte for føresette og utsending av registreringsskjema

8: februar: informasjonsmøte for føresette på 1. trinn skuleåret 24/25

1. mars: søknadsfrist SFO

7. juni: bli kjent dag på skule/ SFO for nye elevar på 1. trinn

6. juni: 2. foreldremøte for føresette på 1. trinn skuleåret 24/25

1. august: SFO opnar.

13. og 14. august har SFO plan.dag og held stengt

15. august: første skuledag.

Informasjon til deg som skal byrje i fyrste klasse



I det du går inn døra på skulen, er det viktig at du tenkjer på å bruke «innestemmen». Det er den stemmen som vi pratar med (ikkje høg stemme eller rope).

Alle skal gå inne. Springa kan me gjere ute eller i gymsalen. Får du til dette, så vil alle få det triveleg på skulen!

Dette kan du øve litt på: Me ønskjer at du saman med dei vaksne heime trener på ein del viktige ting før du byrjar hjå oss.

Dette er å:

- vente på tur
- kle av og på deg sjølve, både yttertøy og sko
- gå på do åleine
- trenre på koordinasjon (hinke og liknande)
- holde blyanten i riktig blyantgrep
- bruke saks
- snakke tydeleg
- helse og vere høfleg
- kunne nokre bokstaver
- skrive ditt eige namn
- telle til ti
- kjenne til dei vanlege fargane
- synge/framføre barnesongar, rim og regler
- øve på å attfortelje ei historie
- lytte til høgtlesing
- øve på å sitje stille

Kanskje kan du mange av disse tinga allereie? Me skal og øve saman på dette når du byrjar på skulen.



Kontaktinformasjon

Telefonnummer

51 77 65 10

E- postadresse

froyland.skule@time.kommune.no

Heimeside

www.minskole.no/froyland

Gå inn på heimesida og klikk på abonner på nyheter. Hak av for det trinnet du vil ha nyheter fra, samt framsida. Då vil du få all ny informasjon direkte på e- post.

Adresse

Kråvegen 2
4355 Kverneland